

Årsmelding 2016

for Selje sokneråd

1. Medlemmar i råd og utval

Selje sokneråd

Frå 01.11.2015

Anne Helen Espeseth, leiar
Arne Martin Rundereim, nestleiar
Roald Halsør, kasserar
Marilyn Osmundsvåg, sekretær
Doris Hammersvik
Haldis K. Håvik
Silje Sneide
Kirsti A. Elde
Sokneprest Kari Leine Balog

Varamedlemmer:

Marie Vikene Berge
Gunn Karin Lillesalt
Johanne Martha Myrstad Lesto
Anne Torheim Rundereim
Idun Beate Ulvestad Andersen

Representantar i fellesråd

Anne Helen Espeseth
Doris Hammersvik
Vara: Marilyn Osmundsvåg og Gunn K. Lillesalt

Representantar i Seljumannamessekomiteen

Marie Vikene Berge
Anne Torheim Rundereim
Vara: Kirsti A. Elde

Dessutan er Roald Halsør og Jon Inge Sigerland med i Seljumannamessekomiteen, oppnemnde av prostirådet. Kari Leine Balog er medlem i kraft av stilling.

Representantar i gudstenesteutvalet

Marilyn Osmundsvåg
Idun B. Ulvestad Andersen
Vara: Marie Vikene Berge

Representant trusopplæringsutvalet

Silje Sneide
Johanne Martha M. Lesto

Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Kirsti Elde

Kontakt for misjonsprosjekt Svetly Put : Anne Helen Espeseth

Kontakt i jubileumsnemnd for Selje kyrkje 150 år Marilyn Osmundsvåg

I jubileumsnemnda sat Per Røyset, Even Elde og Kristi Wold, som undervegs knytte til seg Jan Petter Hoddevik.

Ansvarleg for kyrjekaffi: Anne Torheim Rundereim og Johanne Martha M. Lesto

Musikkutval: Roald Halsør og Gunn K. Lillesalt

2. Møte

Selje sokneråd hadde 6 møte i 2016 og handsama 50 saker. Årsmøte/årsfest var 6. mars i Selje bedehus.

3. Gudstenester

Det er halde 37 gudstenester i Selje sokn, med til saman 2811 deltakarar. Det inkluderer nokon friluftsgudstenester, ei på Årsheim og nokon på Flatraket. Det var også andaktar på institusjon.

Deltakartalet på gudstenestene varierer svært. Når det ikkje skjer noko spesielt, kan det gjerne vera 5-15 personar som sit spreidd i benkane. Det går ikkje minst ut over songen.

3.1 Offer

Det kom inn ved offer/kollekt Kr. 77693-. Av desse var Kr. 20 647,- til eiga verksemd. Ved andre innsamlingar kom det inn Kr. 59884. Av desse gjekk Kr. 33 000 til eiga verksemd.

3.2. Friluftsgudstenester

Om sommaren var det ei pilegrims- vandre- og pustegudsteneste for alle 3 sokna med start på Drage og vandring til Leikanger kyrkje.

Seljumannamessa var på Selja søndag 03. juli 2016, i striregn. Messa er eit samarbeid mellom Nordfjord prostiråd og dei 3 sokneråda i Selje kommune og soknerådet i Vanylven. Truleg på grunn av veret var det relativt få deltakarar. Predikant var prostiprest Henny Koppen. Det var ein dåp rett i etterkant av messa.

Organist Jan Inge Sigerland, Line Dybedal Vederhus, gutekoret Sankt Hallvardguttene og Helene Bøksle stod for den musikalske ramma rundt arrangementet.

4. Open kyrkje

I god tradisjon var Selje kyrkje open på dagtid alle kvardagar også denne sommaren. Verdigjenstandar er fjerna og det er lagt ut bønetekstar og informasjon om kyrkja. Vi får mange positive tilbakemeldingar frå besøkande som skriv seg inn i gjesteboka. Dette tiltaket er på dugnadsbasis. Kyrkjegardsarbeidar Per Røyset opnar kyrkja om morgonen og frivillige overtar låsing vekesvis. Eline Sandnes lager til informasjonane som ligg framme og som folk kan ta med seg. Kyrkja er open for alle, både tilreisande og lokale.

Nytt av året er nokre søndagskveldar med open kyrkje i to-tre timar, med bibelmeditasjon midt i. Det er eit tilbod for dei som treng eit rom for ro og fred, ettertanke og bøn. Eline Sandnes er initiativtakar.

5. Konsertar

Tre konsertar var halde i regi av Selje sokneråd, av dei julekonserten i adventtida og nyttårskonsert. Til desse knyter organist Jon Inge Sigerland til seg mange lokale utøvarar.

Sju konsertar var arrangert av andre. I forkant av Seljumannamessa hadde Helene Bøksle og Sankt Hallvardguttene konsert. Helgesenketoret sine konsertar har synt seg svært populære.

Tilsamen er det registrert 1556 tilhøyrarar på konsertane.

6. Lag og aktivitetar

6.1. Tilbod for barn og unge i Selje

a) Babysongen i Selje kyrkje er eit populært tiltak for dei minste. Det er vidareført med gruppe for småborn. Gruppa blir leia av Eline Sandnes og møtest torsdagar i kyrkja. Her er det song og leik med ulike hjelpemiddel.

b) For tredje gong tok Eline initiativ til å starte opp prosjektbarnekor til påske og jul. Dette er en flott tiltak der ungane trivst og i tillegg gled oss med entusiastiske framføringar.

c) Det er barnelag i Nordpoll med leiar Elisabeth Nordpoll og Selje Sør KFUK/KFUM speidargruppe. Leiar er Stein Robert Osdal.

6.2. Diakoninemnd

Diakoninemnda på Flatraket lagar til samlingar på Flatraket Eldretun ein gang i månaden.

7. Trusopplæring

Utan tilsett kateket eller trusopplærer prøver ein å følgje opp trusopplæringsplanen slik den er vedtatt av soknerådet.

Etablerte tiltak er:

- ☐ Dåp med dåpssamtale, der familien får bønheftet ”Velsign vårt hus”
- ☐ Baby- småbarnsong
- ☐ Utdeling av 4 årsbok
- ☐ Bibel til 5. klasse

Lys Vaken. Overnatting i kyrkja for 10- og 11-åringar. I 2016 var det i Selje kyrkje.

- ☐ Jule- ev. påskebarnekor

Samarbeidet mellom kyrkja og barnehage og skule fungerer godt. Bl.a. besøker barnehagen kyrkja ved forskjellige høve og blir kjent med kyrkjebygget.

Det er to skulegudstenester før jul i soknet, i Selje kyrkje og på Flatraket skule.

For konfirmantane blir det m.a. arrangert Selja-dag på klosteret, saman med konfirmantar frå Vanylven, og nattcup i Nordfjordhallen.

Konfirmantane er også med på den landsdekkande fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Dette er ei dør-til-dør innsamling.

8. Selje kyrkje 150 år

Jubileumsnemnda gjorde ein framifrå jobb med jubileet. Nerven i markeringa var tre gudstenester; 22. april, 13. mai og 22. mai.

22. april 1866 var den siste gudstenesta i den gamle Seljekyrkja, før ho vart riven og flytta til Leikanger. Den nøyaktige kyrkjetomta vart markert med tau til jubileet. Den gamle kyrjeklokka vart henta frå kyrkjegarden i Ervik og ringde inn til gudsteneste der kyrkja hadde stått. Prest var Olav Sigurd Gundersen, då han både har rett prestekjole, rett kjønn og rett framtoning for ein prest frå 1866. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi i nye-kyrkja.

13. mai 1866 var fyrste gudsteneste i den nye Seljekyrkja. Det var markert med ei nostalgi-gudsteneste utan orgel, og der folk var bedne om å stilla i tidsrette klede. Me starta med vandring over sanden. Olav Sigurd Gundersen var prest her også.

22. mai 2016 var det festgudsteneste. Her var biskop emeritus Ole D Hagesæther hovudliturg og predikant. Tidlegare prestar, organistar og andre kyrkjetilsette var spesielt innbedne.

Jubileumsnemnda la mykje arbeid og entusiasme i å få i stand ei flott utstilling i Selje kyrkje. Dei fleste klassane på Selje og Flatraket skular laga tekstar og andre elevarbeid til utstillinga, og resultatet vart flott og imponerende. Atle Nøstdal laga ein modell av dei to kyrkjene (før 1866, etter 1866), og Aksel Stave Ervik laga teikningar. Der var gamle ting og gammal historie, noko hittil ukjent. Då utstillinga var ferdig, fekk elevane omvisning i kyrkja.

Laurdag 21. mai var det festmiddag på Selje hotell.

9. Bokprosjekt

I høve 150-årsjubileet sette soknerådet i gang eit arbeid med ei bok om kyrkjene i Selje. Etter kvart vart bokprosjektet overteke av Selja forlag, med soknerådet som oppdragsgjevar og økonomisk ansvarleg. Boka Kyrkjene i Selje - *Selja- Selje- Leikanger- Ervik 996-2016*. (AM Hoff, D. Berstad, S. Hjelle og S. Vengen) vart lansert på grautdagen 6. desember. Boka gjev ei god og grundig innføring i dei tre kyrkjene i Selje, og har eit svært godt biletmateriale. Prisen er kr 450.

10. Ymse arrangement

Første søndag i faste inviterte presten til kyrkjekaffi i prestegarden. Dette er blitt ein fin tradisjon dei siste åra. I 2016 var dei ortodokse munkane i Selje spesielt inviterte.

Skjærtorsdag var det som vanleg gudsteneste med kveldsmat og vakenatt.

I løpet av sommaren besøkte også en del andre kyrkjesamfunn Selje. Nokon av dei brukte kyrkja til å halde andakt eller gudsteneste.

Også i år inviterte soknerådet **laurdag 6. desember** til ”nissegraut”, denne gongen i Sunnivahuset. Inntekta går til misjonsprosjektet vårt, barneheimen Svetly Put i Kirgisistan.

Det var **kyrkjekaffi** eller utdeling av frukt i nokon av gudstenestene.

Etterkvart er **kyrkjevask** blitt eit årleg tiltak før konfirmasjonen, ettersom vi ikkje har ei fast ordning for reinhald av kyrkja. Bruken av kyrkja er forandra i løpet av åra, frå ein plass der det bare vart halde gudsteneste, blir ho no brukt til mye meir aktivitetar som konsertar, leik og spill, servering av mat, undervisning osv.

11. Pilegrimsarbeid

Selja hevdar seg stadig sterkare som pilegrimsmål. For sjuande gong var det skipa til ei vekelang pilegrimsvandring på Sunnivaleia, med start på Kinn / Florø og endepunkt på Selja. For fjerde gong var gruppa (13 personar i 2016) ei blanding av norske og tyske pilegrimar. Soknepresten har vore med som leiar av vandranga seks gongar. Kyrkjelyden er trekt inn i arbeidet på ymse vis, ma. som vertskapsfamiliar i Selje. Soknepresten reiser kvart år til Hamburg og tek del i pilegrimsmesse med stand om Sunnivaleia.

I tillegg til denne vandranga kjem det stadig fleire pilegrimar til Selja, anten på eiga hand, eller som del av fellesvandringar, til sjøs eller til lands eller begge deler. Sunnmørsleia startar på Giske og er ei reise over sjø og land.

12. Kyrkjelige handlingar

I løpet av 2016 var det

Døyp	18 barn, av dei 7 utan bustad i Selje kommune. Fire born frå Selje sokn var døypt andre stader. Dette er ein liten oppgang frå 2015.
Konfirmert	22 (2015 = 23)
Vigsler	7 (2015 = 4)
Gravferd	18 (2015 = 13)

13. Generelt

Som det går fram av årsmeldinga, var det en del hendingar i løpet av året 2016. Det største, mest ressurskrevande og mest gjevande var planleggjing og gjennomføring av kyrkjejubileet.

I samband med jubileet fekk vi gjort ein del i kyrkja. To nye preikestolklede vart kjøpt, laga av tekstilkunstnar Berit Kråkenes. Vi fekk bytt skinn på alteret, bedeskammelen, preikestolen og brudestolane. Det gamle var frå 100-årsjubileet i 1966, og var svært modent for utskifting. Det nye passar særst godt og er likt opphavleg farge på det gamle.

Vi har fått nytt lydanlegg.

Det er mykje som burde gjerast i det 150 år gamle huset. Sidan det er lite, eller ingen pengar i systemet, er det soknerådet som må få inn pengar til dei nødvendigaste tiltak, i tillegg til dugnad.

Og meir dugnad vil det krevast framover. Overføringane frå kommunen er blitt enda meir kutta ned, og dette betyr at vi må basere oss meir og meir på dugnad og sjølvhjelp.

Takk til staben, som gjer ein flott innsats og held kyrkjelivet i Selje oppgåande.

Og takk til alle dokke som deltek på dugnad eller bidreg på ymse vis til kyrkjefelleskap.

Selje sokneråd
Selje, februar 2017

Anne Helen Espeseth, leiar i Selje sokneråd i 2016.